



Fagdag om fagfornyinga 19. november 2019

Fylkesmannen inviterer saman med Utdanningsdirektoratet til ein fagdag om fagfornyinga.

Som eit ledd i arbeidet med fagfornyinga og utarbeiding av nye læreplanar i fag har utdanningsdirektoratet utarbeidd fleire digitale støtteressursar som lærarane kan nytte seg i arbeidet med å forstå og sjå samanhangen mellom ulike kjerneelement i læreplanane.

For å utvikle og sikre eit godt tolkingsfellesskap inviterer vi til ein fagdag med fokus på fagfornyinga og dei nye læreplanane i grunnskulen.

Representantar frå Utdanningsdirektoratet vil halde dei faglege innlegga. Sjå førebels program for meir informasjon om tema for dagen.

Dato: 19. november 2019

Tid: 10.00 – 15.30 (Registrering frå 9.30)

Stad: Scandic Seilet, Molde

Målgruppe: Skuleeigar, Skuleleiarar, lærarspesialistar/lærarar, representantar frå UH-sektoren og PPT.

Påmelding skjer via vår heimeside: <https://www.fylkesmannen.no/nn/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/2019/11/fagdag-fagfornyinga/>

Påmeldingsfrist: 17. oktober 2019

Fylkesmannen dekker kostnadene for fagdagen, men ikkje reise og evt. overnatting.

Påmelding skjer etter «første mann til mølla» prinsippet. Det er plass til 450 deltakarar, deretter vil vi stenge påmeldingsfeltet. Vi oppmodar skuleleiar å samordne påmelding frå eigen skule.

Påmelding er bindande. Ved fråfall etter påmeldingsfristen tilrår vi å sende ein annan i ditt sted. Fråfall som ikkje vert meldt innan 1. november, vert fakturert.



Førebels program

Fagdag om fagfornyinga. Tysdag 19. november 2019	
09.30-10.00	Registrering, morning break
10.00-10.30	Velkommen ved direktør Maren Ørjasæter Aaland Informasjon frå Fylkesmannen
10.30-11.30	Utdanningsdirektoratet: Nye læreplanar – dei store linjene og verdigrunnlaget <i>Tverrfaglege tema – korleis blir dette i læreplanane for fag?</i>
11.30-12.30	Lunsj
12.30-13.00	Region Nordre sunnmøre: Arbeidet med fagfornyinga. Ein praksisfortelling
13.00-13.30	Kulturtanken: Kunst og kultur i lys av fagfornyinga ^v /Mathias Hilmar Iversen
13.30-13.50	Pause, afternoon tea
13.50-15.15	Utdanningsdirektoratet: Kjerneelement, støtteressursar og kompetansepakker.
15.15-15.30	Fylkesmannen avsluttar

Vi tek atterhald om endringar.